

Tankar om mulegheiter

Tankane omkring framtidig bruk av *Gammelskulen* i Todalen kjem ikkje naudsynligvis i kronologisk orden, men er sett ned meir som ein *brainstorming*.

Med Todalen si forankring i gammel landbrukskultur, og ikkje minst eit rikt og engasjerande kulturliv; vil *Gammelskulen* frå 1860 ha et stort potensial til å bli eit samlande lokalhistorisk senter for bygda. Vi må også hugse på at Todalen er kjent landet rundt på grunn av *Leif Halse*.

Med tida kan *Gammelskulen* også bli eit fleirkulturelt midtpunkt i bygda. Ser vi oss rundt, har bygda i dag fleire nasjonalitetar som kan gjere bygdemiljøet rikare.

Gammelskulen lokalhistoriske senter får ein formell og seriøs styrke ved å danne ein stifting.

Som ein stifting vil det være muleg å søke om økonomiske midlar fra staten, Møre og Romsdal fylke og kommunen. Dette gjeld også det profesjonelle samarbeidet med høgskular og universitet. Kanskje da særleg Høgskolen i Volda og Historisk Institutt / UNIT.

Men det kan bli mange utfordringar undervegs.

- **Gammelskulen er til sals frå Surnadal kommune for minst 200 000 kroner.**
 - Alderen på bygninga gjer at den kjem inn under forskjellige antikvariske bestemmelsar. **Utvendig kan ikkje bygninga forandrast.**
 - **Innvendig** er det allereie gjort forandringar, slik at framtidige innvendige utbetringar kan gjerast utan problem med omsyn til *Lov om bygningsvern*.
 - Utvendige og innvendige forandringar som må gjerast kjem inn under lovverket, og vil kome inn under begrepet *Universell utforming*.
 - Det må drenerast rundt huset. Vatn i kjeller må fjernes, og det må undersøkast om det finst sopp og mugg i bygninga.
 - Det er ønskjeleg at det blir to arbeidsplasser, om muleg ein for ein student eller forskar, - og ein for stiftinga.
 - Det er også ønskjeleg at det kan bli eit eige rom til arkiv.
 - Annen etasje kan gjerast til bopel, fullt utstyrt. To soverom, med ein felles stue, kjøkken, bad og toalett vil gjere dette til ein attraktiv gjeste- eller studieileilighet.
-

Punkta ovafor er teke med som diskusjonsgrunnlag.

Forts. side 2.

Eit ønskje er at ein mastergradstudent i etnologi eller lokalhistorie og forskare vil arbeide her.

I **Gammelskulen** vil det være ønskeleg at både Halsesamlingen og Todalen Historielag får plass til arkiv og anna.

Kva er det så muleg å få til?

- Dokumentasjonssenter for fotografier, teikningar, brev, dokumenter og ikkje minst musikktradisjonen. Hva med Halvor Ørsal?
- Lokalhistoriske kurs.
- Møter.
- Utstillingar med lokalhistorisk innhold.
- Utarbeiding av lokalhistoriske prosjekt for skulane.
- Innsamling av skriftleg og verbalt materiale.

Etter avtale med ordføraren vil vi den 1. oktober leggje fram eit detaljert prospekt om framtidig bruk av **Gammelskulen**, slik vi har skissert ovafor.

Ved å bevare **Gammelskulen** som lokalhistorisk senter, kan det bli lettare å bevare bygda si historie til beste for komande tider.

Todalen, 1. september 2010.

Ragna Kvendset (sign.) - Olav Kvendset (sign.)

Alf Ramsøy (sign.) - Sjur Fedje (sign.)